



Vest-Telemarkrådet

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Til: Ordførarar og kommunedirektørar i Vest-Telemark
Dato: Tysdag 15. oktober 2024
Kl.slett: Kl. 10.00 - 14.00
Stad: DPS i Seljord, Jakob Naadlands veg 28

Kviteseid, 7. oktober 2024

Rådsmøte tysdag 15. oktober 2024

Kl. 09.30 Servering av rundstykke og kaffi
Kl. 10.00 Møtet startar med omvising på simuleringssenteret
Kl. 12.00 - 13.00 Lunsj
Kl. 13.00 - 14.00 Møtet held fram

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

Tarjei Draugedal, regionsleiar

Anne Aasmundtveit, dagleg leiar

SAKLISTE

Rådsmøte tysdag 15. oktober 2024

Sak 36/2024 Referatsaker

- Referat førre møte
- Vedtak i Hovudutval for samferdsel i Telemark fylkeskommune om å løyve kr 2,8 mill til forprosjekt *MURA – Mestring Ungdom Rus og Trafikk 2024*

Sak 37/2024 Orienteringar

- Simuleringscenteret ved prosjektleiar Marianne Tråer.
- Digital heimeoppfølging ved Hans Inge Hagen.
- «*Tillitsbygging og kompetanseheving for digitalisering av helse- og omsorgstenestene i små kommunar*». Eit samarbeidsprosjekt med USN og Hallinghelse ved Hans Inge Hagen.
- DPS Seljord - mogleg rekrutteringsstrategi – orientering ved regionnesteiar Solveig Sundbø Abrahamsen, etterfølgt av drøfting.
- Status bygdevekstavtale ved Torunn Raftevoll Rue.

Sak 38/2024 Møte med stortingsbenken 12. november 2024

Sak 39/2024 Landbruksprosjekt *God agronomi i det grøne skiftet - hovudprosjekt*

Sak 40/2024 Arendalsveka 2025

Sak 41/2024 Framlegg til sakliste og opplegg for møtet i Vest-Telemarktinget 10. desember 2024

Sak 42/2024 Eventuelt

Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 27. august 2024 kl. 10.00- 14.30 på Raulandsakademiet, Vinje kommune

Til stades:

Regionsleiar og ordførar i Kviteseid Tarjei Draugedal
Regionnestleiar og ordførar i Seljord Solveig Sundbø Abrahamsen
Ordførar i Fyresdal Erik Skjervagen
Ordførar i Vinje Jon Rikard Kleven
Ordførar i Tokke Jarand Felland
Kommunedirektør i Fyresdal Ulf Pedersen
Kommunedirektør i Nissedal Sverre Sæter
Kommunedirektør i Seljord Beate Våge Lia
Kommunedirektør i Tokke Finn Arne Askje
Kommunedirektør i Kviteseid Laila Thorsen
Kommunedirektør i Vinje Jan Myrekrok
Politisk representant frå Telemark fylkeskommune Thorleif Vikre
Politisk representant frå Telemark fylkeskommune Martine Tinderholt Øverland
Adm. representant frå Telemark fylkeskommune Johannes Rindal
Dagleg leiar i VTR Anne Aasmundtveit
Utviklingsleiar i VTR Torunn Raftevoid Rue

Forfall:

Ordførar i Nissedal Ian Parry-Jones

Oversikt over eksterne deltakarar ligg ved referatet

Sak 28/2024 Referatsaker

- 1) Referat førre møte
- 2) Bygdevekstavtale – midtvegsrapportering

Vedtak: Referatsaker vert tatt til orientering

Sak 29/2024 Orienteringar

- 1) Merket for berekraftig reisemål: Kontrollbesøk i samband med sertifisering av Vest-Telemark som berekraftig reisemål. Kontrollør var Anne Dorte Carlson i Consullum AS.
 - Anne Dorte Carlson presenterte prosjektet og merkeordninga.
 - Anne Aasmundtveit la fram berekraftsarbeidet og felles utfordringar i Vest-Telemark.
 - Fellesmøte med alle kommunane der kvar kommune presenterte sitt berekraftsarbeid og sine utfordringar.
- 2) Regiondirektør Anniken Fægri Damm-Larsen i Innovasjon Norge presenterte selskapet og IN sine verkemidlar.
- 3) Møte om DPS Seljord med sjukehusdirektør Tom Helge Rønning, avd.leiar Espen Halvorsen, klinikksjef Kjetil Christensen og samhandlingskoordinator i Vest-Telemark Kari Gro Espeland.
 - Tom Helge Rønning orienterte om dagens situasjonen på DPS. Seljord står overfor ein alvorleg trugsel når det gjeld døgnplassar pga av tilgang på ressursar. DPS Seljord står i fare for å vera utan spesialist på døgnplassen. Det er 9 døgnplassar + psykoseavd. /poliklinikk (30 psykosepasientar). Det har blitt leigd inn psykiatarar frå byrå i kortare og lengre

periodar. Men det er ei tydeleg føring frå departementet at innleige skal ein ikkje satse på. Det jobbast no med rekruttering.

- Espen Halvorsen orienterte om status og kva som blir gjort:
Ingen søkjarar på gjentatte utlysingar. Nytt orienteringsmøte med tilsette 25 september. Det er ikkje driftsgrunnlag dersom dagens situasjon held fram. Vidare drift eller oppløysing av drift? Eit poliklinisk tilbod vil bli oppretthalde. Det er døgnplassane som står i fare for å bli flytta.

Spørsmål/innspele i møtet:

Jarand Felland: Godt nøgd med informasjonen gitt i dagens møte. Noko som vart kritiserte førre nedleggingsperiode. Spørsmål: Gjer sjukehusleinga nok i samband med rekruttering? Kva kan ordførarane og kommunane gjera for å hjelpe med rekruttering?

Solveig S. Abrahamsen: Har vi tillit til at sjukehuset gjer nok? Heilt forferdeleg om tilbodet skulle forsvinne frå øvre del av Telemark?

Tom Helge Rønning: Det er ikkje ein intensjon om å legge ned, så ein har ikkje gitt opp. Det er ein veldriven sengepost i Seljord. Desentralisering er viktig for pasientane. Tar gjerne imot innspel på kva sjukehuset kan gjera.

Thorleif Vikre: Kan ein ha hovudarbeidsplass i Skien og arbeidsdagar i Seljord innimellom? Har gjort betydeleg investering i å oppretthalde tilbodet slik det er. Kan ein gjera nok annleis og betre her i Vest-Telemark?

Jarand Felland: Kan ikkje vera så vanskeleg når det kun bare er ein lege det er snakk om.

Beate Våge Lia: Har sjukehuset vurdert andre pasientgrupper som kunne vore i Seljord,

Tom Helge Rønning: Vil ta med seg dette innspelet med i det vidare arbeidet

Solveig S. Abrahamsen: Korleis Kan Vest-Telemarkrådet bli orientert vidare om tidslinja?

Tom Helge Rønning: Kommunedirektørane vert løpande orientert. Men kjem gjerne tilbake til rådet dersom det er ynskjeleg.

Vedtak: Orienteringane vert tatt til vitande

Sak 30/2024 Innspele til samarbeidsavtale mellom kommunane i Telemark og Sykehuset Telemark HF

Beate Våge Lia la fram saka.

Drøfting kring samarbeidsavtala og retningslinje 1.

Det vart stilt spørsmål om Mislighald i avtala pkt 12.

Jarand Felland fremma forslag om å stryke pkt 12 i Samarbeidsavtala.

Vedtak Innspele til samarbeidsavtale mellom kommunane i Telemark og Sykehuset Telemark HF vert vedteke slik uttala ligg føre.

Tilleggspunkt i innspelet: Pkt 12 i Samarbeidsavtala vert tatt ut.

Sak 31/2024 Høyringsuttale til Telemarksplanen - Regional planstrategi for Telemark 2024-2028

Drøfting i møtet av den framlagte høyringsuttala.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet vedtek høyringsuttala til Telemarksplanen slik uttala ligg føre, men desse endringane:*

- *Legge til: Ingen skal oppleve vedvarande utanforskap.*
- *Endring: Utbygging av alle former for fornybar energi må ta omsyn til «at vi også har ei naturkrise» blir erstatta med «at vi står i ein målkonflikt mellom klimaavtala og arealavtala.»*

Sak 32/2024 Organisering og finansiering av fase 3 – Frå ord til handling – felles handlingsplan for Vest-Telemark

Vedtak:

- 1) *Mindreforbruket på kr 520 000 på ansvar Administrasjon vert omdisponert til reiselivsprosjekt fase 3*
- 3) *Kr 535 000 vert å ta i frå disposisjonsfondet til reiselivsprosjekt fase 3*

Sak 33/2024 Forslag til justert budsjett 2024

Vedtak:

- 1) *Mindreforbruket på kr 520 000 på ansvar Administrasjon vert omdisponert til reiselivsprosjekt fase 3*
- 4) *Kr 535 000 vert å ta i frå disposisjonsfondet til reiselivsprosjekt fase 3*

Sak 34/2024 Vest-Telemarkkonferansen 2025

Drøfting i møtet av økonomiske rammer.

Vedtak:

- 1) *Programkomiteen tek med seg innspela frå Vest-Telemarkrådet inn i det vidare arbeidet.*
- 2) *Vest-Telemarkrådet vert arrangert torsdag 6. februar 2025.*
- 3) *Ramma som skal bli lagt inn i budsjett er kr 200 000.*

Sak 35/2024 Felles forliksråd for Vest-Telemark?

Solveig S. Abrahamsen la fram saka.

Drøfting i møtet der forslaget om å vurdere felles forliksråd for Vest-Telemark ikkje vart støtta.

Vedtak: *Det blir ikkje lagt fram ny sak om felles forliksråd på neste møte i Vest-Telemarkrådet.*

Sak 36/2024 Eventuelt

Ingenting kom opp under eventuelt.

41/24 Søknad om midlar til forprosjekt MURA - Mestring Ungdom Rus og Trafikk 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hovedutvalg for samferdsel	01.10.2024	41/24

Innstilling frå fylkesdirektøren

Søknad om midlar til forprosjekt MURA – Mestring Ungdom Rus og Trafikk 2024 avslåast.

Møtebehandling

Representanten Martine Tinderholt Øverland (Ap) fremmet følgende forslag på vegne av Ap, Sp, SV, MDG, H, KrF og V:

- Søknad om midlar til forprosjekt MURA – Mestring Ungdom Rus og Trafikk 2024 imøtekommes med 2,8 millioner kroner fra samferdselsutvalgets disposisjonskonto.
- Utvalget får jevnlig orientering om prosjektets framgang.

Votering

Forslag fremmet av Øverland (Ap) ble vedtatt mot 1 stemmet (FrP:1) for innstilling fra fylkesdirektøren som falt.

Vedtak

- Søknad om midlar til forprosjekt MURA – Mestring Ungdom Rus og Trafikk 2024 imøtekommas med 2,8 millioner kroner frå samferdselsutvalets disposisjonskonto.
- Utvalet får jevnlig orientering om prosjektets framgang.

Sak 38/2024 Førebuing møte med benken 12. november 2024

Det er avtalt med leiar av stortingsbenken i Telemark, Lene Vågslid, om møte med benken kl. 16.00-18.00 i Oslo.

Forslag til opplegg er å bygge vidare på tidlegare praksis der møtet med benken vert delt inn i tre bolkar:

1. Utfordringar i den enkelte kommune i Vest-Telemark ved ordførarane (3 minutt kvar)
2. Vest-Telemarkrådet ber om status på saker frå møtet 28. mai 2024
3. Aktuelle tema

Vest-Telemarkrådet ber om status på følgjande:

- **Barnevernsreformen.** Innretninga på barnevernsreformen er feil og tilbakemeldinga frå benken i møtet var at dette må bli endra då reformen slår skeivt ut for dei små kommunane.
- **Ressurskrevjande brukarar** er krevjande for kommunane. Ei tilskotsordning vart nemnd som ei mogleg løysing.
 - Er det kome endringar i regelverket?
 - Korleis slår dette ut?
 - Korleis er denne tenkt?
 - Kva er dei store endringane?
- **Fylkesveggar** – rådet oppmoda om å styrke desse i staden for å starte nye prosjekt. Telemark består nesten bare av fylkesveggar. Påminning - veldig prioritert område.

Aktuelle tema

- Statsbudsjett – konsekvensar for Vest-Telemarkkommunane
- Flyktningsituasjonen – kommunale tenester
- Beredskap natur- og flaumskader; nasjonale ordningar – kva tenker stortinget om dette?

Vest-Telemarkrådet bør avklare i møtet kven som tar ansvar for å innleie til dei ulike tema som skal bli tatt opp med benken.

Innspel i møtet:

Framlegg til vedtak: I møtet med telemarksbenken 12. november2024 vert saklista slik:

***1)Utfordringar i den enkelte kommune i Vest-Telemark
ved ordførarane***

2) Vest-Telemarkrådet ber om status på saker frå møtet 28. mai 2024

3) Aktuelle tema:

- ***Statsbudsjett*** – konsekvensar for Vest-Telemarkkommunane
- ***Flyktningsituasjonen*** – kommunale tenester
- ***Beredskap natur- og flaumskader***; nasjonale ordningar – kva tenker stortinget om dette?

Sak 39/2024 Landbruksprosjekt *God agronomi i det grønne skiftet – hovudprosjekt*

Bakgrunn

Eitt av satsingsområda i handlingsplanen til klimaplanen i Vest-Telemark er jordbruk. Målet er auka verdiskaping og berekraftig jordbruk. Det viktigaste og største tiltaket er å etablere eit fleirårig tverrkommunalt prosjekt i regi av Vest-Telemarkrådet og landbruksforvaltinga i Vest-Telemarkkommunane for å rettleie og yte hjelp til gardbrukarar m.a. til å forbetre agronomisk praksis som gjev lågare klimagassutslepp (red. klimagassutsleppet og auke karbonbindinga), oppnå klimavenleg føring av husdyr, spesielt drøvtyggarar, gjennom kompetansetiltak knytt til tydinga av grovfôrqualität ved bruk av beite og optimal førsamansetting, satse på klimavenlege driftsformer m.v.

Vest-Telemarkrådet søkte om 3 mill kr i tilskot på vegne av alle dei seks kommunane i Vest-Telemark til eit treårig landbruksprosjekt gjennom Miljødirektoratet sine klimasatsmidlar for 2024. Søknadsfristen var 15. febr. 2024, og vi fekk positivt svar i slutten av august om at vi var tildelt kr 1.325.000. Sjå vedlegg til saka.

Norsk landbrukspolitikk har fire overordna mål: Matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Dette gjeld sjølvsagt også for Vest-Telemark.

Frå forprosjekt til hovudprosjekt

I 2023 gjennomførte vi eit forprosjekt med støtte frå Vestfold og Telemark fylkeskommune (2022-2023) og frå fjellandbruksmidlane til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark. Styringsgruppa (både i forprosjektet og hovudprosjektet) er breitt samansett med medlemmer frå landbruksforvaltinga i alle seks kommunane, frå Telemark bondelag, Telemark bonde- og småbrukarlag, Norsk landbruksrådgiving og observatørar frå Telemark fylkeskommune og Statsforvalteren i Vestfold og Telemark. Forprosjektet og hovudprosjektet er store samarbeidsprosjekt.

Dei landbruksansvarlege i kommunane vil ta med seg viktig kunnskap og kompetanse frå dette prosjektet vidare i kommunale oppgåver og planarbeid.

I søknaden til klimasatsmidlane skreiv vi at dersom hovudprosjektet får lågare tilskot enn vi søkte om, må vi nedskalere prosjektet og endre det noko. Lågare tilskot vil gje lågare aktivitet. Vi legg ikkje opp til brukskartlegging i same omfang som tenkt for den enkelte gardbrukar. Prosjektet vil heller ha fleire fellessamlingar, møte og meir overordna opplegg utan å kartlegge på gardsnivå.

Andre tilskotsmidlar

Samtidig som vi arbeidde med klimasatssøknaden, sende vi også søknad til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark om fjellandbruksmidlar. Dei løyvde kr 150.000 til Vest-Telemarkrådet. Rapporteringsfristen er 01.12.2025.

Tilskotet går inn i hovudprosjektet og skal vere med å skape gode møteplassar for å motivere unge og etablerte bønder, faglaga og landbruksrådgjevinga for å gjere alle bevisste på at agronomiske tiltak som betrar økonomien også kan betre klimaet og styrke samhaldet i næringa for å oppnå mål om redusert klimagassutslepp frå jordbruket. Statsforvaltaren føreset at resultatane frå prosjektet er tilgjengelege for alle interesserte, og at Statsforvaltaren står fritt til å formidle dei. I omtalar av prosjektet skal vi opplyse om at prosjektet er støtta med midlar frå Statsforvaltaren.

Vi har også fått tilsegn på kr 200.000 på regionale tilretteleggingstiltak frå Telemark fylkeskommune i april 2024. Arbeidsfristen er 01.08.2027.

Desse midlane er ein del av budsjettet og finansieringa av hovudprosjektet.

Budsjett og finansieringsplan

God agronomi i det grøne skiftet – hovudprosjekt						
Budsjettpostar	Oppr. budsjett	2024	2025	2026	2027	Endra sum
Prosjektleiing og administrative kostnader	950	200	300	300	150	950
Fellesaktivtetar - studieturar, fagmøter m.v.	450	100	200	100	50	450
Kjøp av kurs (nettbasert eller praksiskurs)	300	50	100	100	50	-
Kjøp av rådgjeving driftseiningar	2 000	300	800	600	300	-
Eigeninnsats driftssentra	1 400	150	500	500	250	625
Kommunal rådgjeving og prosjektarbeid (eigeninnsats frå kommunane)	775	150	250	250	125	775
SUM KOSTNADER	5 875	950	2 150	1 850	925	2 800
Klimasats (Miljødirektoratet)	3 000	350	1 250	950	450	1 325
Tilskot statsforvaltar	150	150	-	-	-	150
Vest-Telemarkrådet	350	100	100	100	50	350
Andre tilskot etter søknad (TFK)	200	50	50	50	50	200
Eigeninnsats driftssentra	1 400	150	500	500	250	-
Kommunal rådgjeving og prosjektarbeid (eigeninnsats frå kommunane)	775	150	250	250	125	775
SUM FINANSIERING	5 875	950	2 150	1 850	925	2 800

Vidare planar

Planen var å tilsetje ein prosjektmedarbeidar i 2-3 år i ein tilpassa prosent dersom vi fekk full utteljing på søknaden. Med lågare tilskot frå klimasatsmidlane, vil vi vere nøydde til å nedskalere prosjektet.

Posten som heiter *Kommunal rådgjeving og prosjektarbeid* er verdien av eigeninnsatsen til kommunal landbruksforvaltning.

Av reine tilskot har vi klimasats, fjellandbruksmidlar og fylkeskommunale midlar som utgjer kr 1 675.000. I tillegg kjem det som Vest-Telemarkrådet gjer av eigeninnsats og konkret medfinansiering. Medfinansieringa vert for 2024 dekt av prosjektskjønnsmidlar. Vidare medfinansiering vert lagt inn i Vest-Telemarkrådet sitt budsjett for kvart år som prosjektet varer.

Spørsmål er korleis vi best skal få god utnytting av dei offentlege midlane til beste for landbruksnæringa i Vest-Telemark?

Moglege alternativ:

	60 % stilling i 2 år	50 % stilling i 3 år
Prosjektleder	1.120.000	1.395.000
Kontorleige	120.000	180.000
Køyring mm	100.000	150.000
SUM	1.340.000	1.725.000

- 1) Engasjere prosjektleder i 60 % stilling i 2 år. Kostnad for dette er ca kr 1,340 mill for to år inkl. løn, leige av kontor, køyring.
- 2) Engasjere prosjektleder i 50 % stilling i 3 år. Kostnad for dette er totalt ca kr 1.7250.000 inkl løn, leige av kontor, køyring mm.
- 3) Administrasjonen i Vest-Telemarkrådet tek alt prosjektarbeidet.
- 4) Vest-Telemarkrådet og/eller kommunane restfinansierer opphøveleg prosjekt.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek at det blir engasjert ein prosjektleder i 60 % stilling i 2 år i landbruksprosjektet «God agronomi i det grøne skiftet».

VEST-TELEMARKRÅDET
Kviteseidgata 18
3850 KVITeseID

Trondheim, 02.09.2024

Dykkar ref.:
24S313AE
Torunn Raftevoll Rue

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2024/2159
24011867

Sakshandsamar:
Katrine Gaustad Pettersen

Tilskot til - God agronomi i det grønne skiftet - hovudprosjekt

Vi viser til søknaden datert 15.02.2024 med referansenummer 24S313AE om tilskot på kr 3 000 000. Vi har behandla søknaden og gir med dette eit tilskot på kr 1 325 000. Tilskotet blir utbetalt når du/de har rapportert i tråd med krava under. Tiltaket som får tilskot er "God agronomi i det grønne skiftet - hovudprosjekt".

Grunngivinga for vedtaket

Søknaden er vurdert opp mot kriteria for Klimasats-ordninga. Les meir under "Miljødirektoratets vurdering".

Støttesum og vilkår

Miljødirektoratet støttar søknaden. Støtta dekkjer inntil 50 prosent av kostnadene kommunane gjennom Vest-Telemarkrådet har til å etablere eit fleirårig, tverrkommunalt prosjekt for å rettleie og hjelpe gardbrukarar i å forbetre agronomisk praksis og redusere klimagassutslepp, som beskrive i søknaden. Støtta er avgrensa oppover til 1 325 000 kroner. Det svarer til den summen kommunen oppgir at dei kan stille med av egne midlar (i e-post datert 30.08.24).

Støtta med tilhøyrande eigeninnsats skal i sin heilskap gå målretta til arbeid som med stort sannsyn gir reduserte klimagassutslepp.

Kommunane (ved Vest-Telemarkrådet) skal rapportere om talet på deltakarar på fellesaktivitetar og kurs, og tema for desse. Kommunane skal også rapportere om kor mange bruk som får rådgivande oppfølging, spesifisere kva tema/tiltak rådgivinga omhandlar, og estimere klimaeffekten av desse tiltaka.

Kommunen må nytte midlane i tråd med relevant regelverk, inkludert regelverket om offentlege anskaffingar.

Rapportering og utbetaling

Utbetaling skjer etterskotsvis på grunnlag av innsende rapportar og stadfesta rekneskap. Utbetaling i 2027 og seinare er med atterhald om Stortingets løyving.

For meir informasjon om rapportering og rekneskap sjå [Veiledning til rapporteringsskjema - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no)

Krav til rekneskap

Rekneskapen skal vere stadfesta av økonomisjef/rekneskapsansvarleg. For tilskot på kr 1 000 000 eller meir skal sluttrekneskapen stadfestast av revisor, alternativt kan prosjektet bli stadfesta av revisor gjennom andre formålstenlege kontrollhandlingar. Kommunen bør planleggje for revisjonen frå starten av prosjektet.

Rekneskapen må vise tydeleg kva dei ulike delane av klimatiltaket har kosta. Meirverdiavgift skal vere spesifisert. Dersom kommunen sine eigne arbeidstimar inngår som ein del av klimaprojektet skal det for kvar person oppgjavast talet på timar, timesats og namn på tilsett. Kommunen si eiga arbeidstid kan godskrivas med inntil kr 700 per time.

Detaljerte timelister og fakturaer skal ikkje sendast inn til Miljødirektoratet, men kommunen må ha dette som underlagsdokument for rekneskapen.

Informere om Klimasats-støtta

Vi oppmodar til å informere om Klimasats-støtta i kommunikasjon om klimatiltaket.

Beskrivelse av tiltaket

Vest-Telemarkrådet interkommunalt politisk råd søker på vegne av kommunene Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommuner om kr 3 000 000 i Klimasats-støtte til eit treårig landbruksprosjekt.

Eitt av satsingsområda i klimaplanen i Vest-Telemark er jordbruk. Det viktigaste og største tiltaket er å etablere eit fleirårig, tverrkommunalt prosjekt for å rettleie og yte hjelp til gardbrukarar mellom anna til å

- forbetre agronomisk praksis som reduserer klimagassutsleppet og aukar karbonbindinga
- oppnå klimavenleg fôring av husdyr gjennom kompetansetiltak om grovfôr kvalitet ved bruk av beite og optimal fôrsamansetning
- satse på klimavenlege driftsformer.

Søknaden byggjer på eit forprosjekt gjennomført med støtte frå Vestfold og Telemark fylkeskommune (2022-2023), og frå fjellandbruksmidlane til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.

Styringsgruppa for det planlagde prosjektet er breitt samansett med medlemmer frå landbruksforvaltinga i alle seks kommunane, frå Telemark bondelag, Telemark bonde- og småbrukarlag, Norsk landbruksrådgiving og observatørar frå Telemark fylkeskommune og Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.

Prosjektet skal motivere og auke kompetansen til landbruksnæringa. Landbruksforvaltinga er også målgruppe, ved å gjere forvaltninga betre rusta til å gje gardbrukarane råd om val av utsleppsreducerande tiltak.

Kommunane søker støtte til leige inn ekstern hjelp. Dei største postane på budsjettet er 2 millionar til kjøp av rådgjeving til driftseinigar, 1,4 millioner til arbeid i driftssentra, 950 000 til prosjektleiing og administrative kostnader, og 775 000 kroner til kommunal rådgjeving og prosjektarbeid.

Støtta skal gå til å kjøpe inn kurs og konsulenttjenestar. Ut frå søknaden forstår Miljødirektoratet at kommunen ikkje har inngått ein avtale med eksterne leverandørar endå, men at arbeidet skal konkurranseutsetjast og eksterne konsulentar skal hyrast inn.

Miljødirektoratets vurdering

Landbruket har potensial for å kutte utslepp av klimagassar på fleire område. Dette kan vere tiltak som effektiviserer og forbetrar produksjonen, gjev bioenergi eller aukar binding og lagring av karbon. Driftstiltak kan også gje reduserte utslepp i andre sektorar som transport, bygg og energi. Kommunen er planmynde og arealforvaltar, og skal ta vare på jord- og skogressursane i eit lengre perspektiv. Gjennom Klimasats gjev Miljødirektoratet støtte til prosjekter der kommunane er initiativtakar og pådrivar for å auke kompetansen og gjennomføre klimatiltak i landbruket i samarbeid med næringa.

Midlane er tenkte brukte til kurs og kompetanseheving og inspirasjon. Det er noko usikkert kor mange gardbrukarar som vil realisere den nye kunnskapen. Det ville styrkt søknaden om det hadde vore plan for korleis kompetansen skal brukast vidare for å realisere konkrete klimatiltak i etterkant.

Samtidig er det positivt at det allereie er gjennomført eit forprosjekt, og peika på spesifikke område ein ønskjer å fokusere på i prosjektet. Det trekker også opp at prosjektet er breitt samansett og involverer både fylkeskommune, statsforvaltar og interesseorganisasjonar, i tillegg til dei seks deltakande kommunane.

Prosjektet er godt forankra, og kommunane vil arbeide målretta mot det enkelte gardsbruk, noko som aukar sjansen for at tiltaket vil bidra til konkret klimagassreduksjon og auka karbonbinding. Kommunen skriv at denne delen kan vere vanskeleg å gjennomføre med redusert støtte. Miljødirektoratet oppfordrar likevel kommunen til å sjå om det er mogleg å prioritere noko individuell oppfølging også med redusert støttesum, då vi vurderer dette tiltaket som ein viktig del av prosjektet.

Bakgrunn om Klimasats

Miljødirektoratet fekk 407 søknader til tilskotsordninga "Klimasats – støtte til klimasatsing i kommunane" til søknadsfristen 15.02.2024. Kommunar og fylkeskommunar har til saman søkt om 712 millionar kroner. Det var opphavleg sett av 120 millionar kroner i statsbudsjettet. Etter vedtak av revidert nasjonalbudsjett 21.06. 2024 er det til saman sett av 170 millionar kroner i statsbudsjettet for 2024. Som følge av kansellerte tilsegn, ubrukne midlar og midlar til priskompensasjon, blir det til saman 270 millionar kroner til utdeling i 2024.

Formålet med ordningen er å bidra til reduksjon av klimagassar og omstilling til lavutslippssamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i henhold til tildelingskriteriene og prioriteringskriteriene. Les mer om Klimasats på [Klimasats – støtte til klimatiltak - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no)

Miljødirektoratet mottok 15 søknader på til sammen 30,5 millioner kroner om tiltak innenfor jord, jordbruk og skogbruk.

Aksept

Frist for å akseptera tilbodet er 01.11.2024. Tilbodet blir akseptert i søknadssenteret.

Vi stiller følgande krav til rapportering

Leveranse	Beskriving	Frist
Delrapport	Delrapport med status og resultater så langt. Bekrefta rekneskap.	01.10.2025
Delrapport	Delrapport med status og resultater så langt. Bekrefta rekneskap.	01.10.2026
Sluttrapport	Sluttrapport med resultater og revidert rekneskap.	01.10.2027

Rapportering skjer i søknadssenteret.

Tilsegna er gyldig til 31.12.2027. Tilsegna fell bort, dersom du/de ikkje overheld rapporteringskrava.

Utbetalingsplan

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
202512	Utbetaling på grunnlag av innsendt rapport og bekrefta rekneskap	300 000
202612	Utbetaling på grunnlag av innsendt rapport og bekrefta rekneskap	300 000
202712	Utbetaling på grunnlag av innsendt sluttrapport og revidert rekneskap	725 000

Gi beskjed dersom tiltaket ikkje kan gjennomførast som planlagt

Du/de må umiddelbart gi oss beskjed dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort. Det kan til dømes vere at tidsplanen ikkje kan overhaldast, eller at det oppstår andre tekniske, faglege eller økonomiske endringar.

Tilskotet skal ikkje vere med på å finansiere økonomisk aktivitet

Tilskot skal ikkje krysssubsidiere økonomisk aktivitet, vri eller true med å vri konkurransen. Dersom du/de har både økonomisk og ikkje-økonomisk aktivitet, skal du/de ha skilde rekneskapar for desse. Felleskostnader skal fordelast på ein forholdsmessig måte mellom den økonomiske aktiviteten og den ikkje-økonomiske aktiviteten.

Lønns- og arbeidsvilkår

Som mottakar av tilskot er du/de forplikta til å sørge for at arbeidstakarar som jobbar på prosjekt, heilt eller delvis finansiert av tilskotsmidlar, ikkje har lønns- og arbeidsvilkår som er dårlegare enn minstekrava i arbeidsmiljølovgiving og folketrygdlov med tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld også for underleverandørar.

Bruken av midla kan bli kontrollert

Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskotet er brukt i tråd med vilkåra for å få tilskot og vilkåra knytte til tilskotet.

Miljødirektoratet kan krevje at tilskotet blir heilt eller delvis tilbakebetalt dersom du/de ikkje bruker midla i tråd med vilkåra.

Du/de må ta vare på vedlegga (bilaga) til rekneskapen for tiltaket i tråd med dei generelle reglane i bokføringslova om vedlegg.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Camilla Schreiner
seksjonsleiar

Katrine Gaustad Pettersen
sakshandsamar

Kopi til:

FYRESDAL KOMMUNE	Klokkarhamaren 6	3870 FYRESDAL
KVITeseID KOMMUNE	Kviteseidgata 13	3850 KVITeseID
NISSEDAL KOMMUNE	Treungvegen 398	3855 TREUNGEN
SELJORD KOMMUNE	Brøløsvegen 13A	3840 SELJORD
TOKKE KOMMUNE	Storvegen 60	3880 DALEN
VINJE KOMMUNE	Vinjevegen 192	3890 VINJE
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK	Grev Wedels gate 1	3111 TØNSBERG

Sak 40/2024

Arendalsveka 2025

Dagleg leiar Arve Høiberg i Grenlandssamarbeidet har tatt kontakt med oss for eit mogleg samarbeid om arrangement under Arendalsveka 2025.

Grenlandssamarbeidet nyttar omlag kr 300. 000 til Arendalsveka der kr 140.000 går til overnatting, ein kan trekke frå kr 40.000 i eigenandel, og kr 200.000 går til arrangement. I 2024 hadde Grenlandssamarbeidet ansvaret for Telemarkskvelden og to andre arrangement. Grenlandssamarbeidet jobbar for at fylkeskommunen skal overta Telemarkskvelden.

Målet for å samarbeide er ikkje kostnadssparing, men for å utvikle arrangement der Telemark presenterer tema, prosjekt og utfordringar med nasjonal interesse. Dette kan frå Vest-Telemark vera småbruksprosjektet, kraft, bustadutfordringar m.m.

Saka vert lagt fram frå arbeidsutvalet utan tilråding.

Vedtak:

**Sak 41/2024 Framlegg til sakliste og opplegg for møtet i
Vest-Telemarktinget 10. desember 2024**

Framlegg til sakliste og opplegg for møtet i Vest-Telemarktinget 10. desember 2024 vert lagt fram tidlegare enn vanleg (vanlegvis i novembermøtet), fordi Vest-Telemarkrådet bør drøfte om tingmøtet skal vera fysisk eller på teams. Dersom fysisk, må opplegg og innhald drøftast meir inngåande.

I kalenderen for Vest-Telemarkrådet som vart fastsett i november 2023 vart det vedteke at tingmøtet i desember skal vera på teams. Arbeidsutvalet stør dette vedtaket.

Det er ikkje andre saker som må behandlast av tinget enn *Framlegg til budsjett 2025 for Vest-Telemarkrådet*.

Dersom rådet ynskjer å ha møtet fysisk, må ein ta stilling til kvar møtet skal halde til. Dei to mest eigna stadene er vurdert til å vera Morgedal Hotel og Straand Hotel.

Ein bør og i så tilfelle finne interessante og nyttige tema som kan bli presentert i møtet.

Dersom rådet ynskjer å halde på at møtet skal vera på teams, kan det vera nok å presentere eitt eller to tema. Både Bygdevekstavtale og Landbruksprosjektet kan vera aktuelle tema.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarktinget vert arrangert på teams og det blir gitt ei orientering om.....